



MØTEPROTOKOLL

Utval: Administrasjonsutvalet
Møtedato: 30.11.2017
Møtetid: Kl. 13:00 - 15:00
Møtestad: Kommunehuset

Av 8 medlemmer møtte 5, inkludert varamedlemmer.

| Medlemmer som møtte: | Parti/fagforeining: |
|-----------------------------|----------------------------|
| Øystese, Olaug Karin | A |
| Frøland, Knut Harald | BL |
| Sandvin, Oddrun Lemme | FF |
| Tvedterås, Bjørg | FF |

| Desse medlemmene møtte ikkje: | Parti/fagfor.: | I staden møtte: | Parti: |
|--------------------------------------|-----------------------|------------------------|---------------|
| Haga, Odd Arne | FRP | | |
| Strømmen, Øyvind | MDG | | |
| Tjønnå, Monica | SP | Røen, Øyvind | SP |
| Aarvik, Hilde Maraas | UF | | |

Møtenotatar:

Andre som var til stades på møtet:

- Charlotte Hageberg, rådmann
- Jan Erik Boge, sektorleiar organisasjon
- Silje Fossdal, leiar løn og personal

| | |
|----------------------|----------------------|
| Møteleiar: | Frøland, Knut Harald |
| Møtesekretær: | Boge, Jan Erik |

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse,

Frøland, Knut Harald
ordførar

Boge, Jan Erik
sektorleiar organisasjon

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

| Sak nr. | Arkivsak | Sakstittel | Merknad |
|----------------|-----------------|--|----------------|
| 008/2017 | 17/1039 | Faste saker | |
| 009/2017 | 17/611 | Reglement og rutinar for prøvetid for tilsette i Samnanger kommune | |

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

30.11.2017 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til møteinnkallinga eller saklista.

Orienteringssaker:

Tilsetjing - samansetjing av tilsetjingsutvalet, samt prosedyrar for tilsetjing

Fagforbundet er ikkje nøgd med måten mange tilsetjingar skjer på i kommunen i dag. Oddrun Lemme Sandvin orienterte om at dette gjeld både samansetjinga av tilsetjingsutvalet og manglande involvering av tillitsvalde i tilsetjingsprosessar. Fagforbundet ønskjer at det blir vurdert å ha med ein politkar i tilsetjingsutvalet, samt at kommunen innskjerpar både rutinar og praksis i tilsetjingssaker. Fagforbundet meiner at slik innskjerping er nødvendig for å sikra at tillitsvalde blir involverte i tilsetjingssaker så tidleg som mogleg (d.v.s. så snart det blir klart at det vil bli ei ledig stilling i kommunen), og deretter i heile prosessen fram til tilsetjingsvedtak/tilsetjing. Oddrun Lemme Sandvin viste i møtet til eit konkret eksempel på manglande involvering av ho som tillitsvald/medlem av tilsetjingsutvalet.

Charlotte Hageberg orienterte om at løns- og personalkontoret held på å utarbeida detaljert prosedyre for tilsetjingssaker. Silje Fossdal orienterte kort om dette arbeidet. Prosedyren vil vera utfyllande i forhold til reglane/prosedyren som er fastsett i kommunen sine personalvedtekter. Charlotte Hageberg orienterte også om at rådmannen sin representant i tilsetjingsutvalet (som vanlegvis er ein av dei tilsette ved løns- og personalkontoret) skal røysta etter si eiga overtyding/meining i tilsetjingsutvalet. Dette betyr at det ikkje skal vera nokon form for automatikk i at einingsleiar og rådmannen sin representant røystar likt i tilsetjingsutvalet. Jan Erik Boge orienterte om at personalvedtektene bør reviderast i 2018. Øyvind Røen (Sp) orienterte om at Senterpartiet tidlegare har foreslått at folkevalde skal vera med i tilsetjingsutvalet ved tilsetjingar på leiarnivå, og at dette igjen vil bli vurdert når kommunen sitt delegeringsreglement skal reviderast i 2018.

Etter drøfing vart adm.utvalet samde om at det skal arbeidast med følgjande tre hovudpunkt knytt til tilsetjingar i kommunen:

1. Innskjerping av praksis i tilsetjingssaker, mellom anna for å sikra at tillitsvalde blir involverte slik dei skal. Rådmannen tek ansvar for dette.
2. Ferdigstillt arbeid med ny detaljert prosedyre for tilsetjingssaker, og sørgja for at prosedyren blir følgt.
3. Revidera personalvedtektene i 2018.

Orientering om tilsetjingssak i pleie- og omsorgstenestene våren/sommaren 2017

Jan Erik Boge orienterte om ei tilsetjingssak i pleie- og omsorgstenestene frå våren/sommaren 2017, der kommunen trekte tilbake eit tilbod om stilling. Olaug Øystese (A) stilte spørsmål om denne saka på førre møte i adm.utvalet (08.06.2017), men på grunn av teieplikt hadde ikkje administrasjonen høve til å orientera om saka då. Forholda som låg til grunn for teieplikta er no ikkje lenger til stades,

og Jan Erik Boge kunne derfor orientera adm.utvalet nærmare om saka i møtet 30.11.2017.

Arbeidssituasjonen i dei ulike einingane

Oddrun Lemme Sandvin hadde bedt om at dette temaet vart teke opp i møtet. Ho orienterte om at bakgrunnen for dette er at det er "uro" i fleire einingar, der Fagforbundet sine medlemmer ikkje føler seg verdsette og føler at dei har liten påverknad. I nokre einingar føler Fagforbundet sine medlemmer at berre andre grupper (høgskuleutdanna) blir "sett" og prioriterte av arbeidsgjevar. Oddrun Lemme Sandvin viste i møtet til eksempel som Fagforbundet meiner viser dette.

Øyvind Røen (Sp) viste til at representantar frå fagforeiningar frå "andre grupper" ikkje var representerte i adm.utvalet 30.11.2017, og at det er viktig at også dei får høve til å uttala seg om forholda Fagforbundet har teke opp.

Oddrun Lemme Sandvin tok også opp bekymringar knytt til personalbehandling, samt spørsmål om evaluering av organiseringa av reinhaldstenesta.

Bjørge Tvedterås orienterte om arbeidssituasjonen for assistentar ved ungdomsskulen, som ho meiner er langt betre enn for nokre år sidan. Bakgrunnen for dette er at assistentane opplever at dei no er mykje meir med i "kollegiet" saman med pedagogane ved skulen enn dei var tidlegare.

Etter drøfting i møtet konkluderte adm.utvalet som følgjer:

1. Adm.utvalet oppmodar om at rådmannen ser på bekymringane som Fagforbundet tek opp og undersøker desse.
2. Adm.utvalet ber om at administrasjonen ser på organiseringa av reinhaldstenesta.
3. Adm.utvalet ber om at også arbeidsmiljøutvalet blir orientert om bekymringane Fagforbundet har teke opp.

Lokale lønsforhandlingar hausten 2017

Jan Erik Boge orienterte om status. Det er hausten 2017 gjennomført lokale lønsforhandlingar for alle grupper av tilsette i kommunen. I forhandlingane for tilsette som er løna etter kapittel 4 i hovutariffavtalen (dette utgjer om lag 80% av dei tilsette), vart det brot med ei av fagforeiningane (Fagforbundet). Forhandlingane med Fagforbundet går derfor vidare til sentral tvistebehandling i Oslo. Bortsett frå dette har det ikkje vore brot i forhandlingane hausten 2017, men det står framleis att å avslutta forhandlingane for nokre av einingsleiarane.

Omorgansiering sektor for organisasjon

Jan Erik Boge orienterte om planane om omorgansiering, der sektor for organisasjon opphøyrer som eigen sektor med verknad frå 01.01.2018. Økonomikontoret, løns- og personalkontoret og IKT er planlagt lagt direkte under rådmannen. Sektorleiar går over i rådgjevarstilling. Sørvisssenteret vil ikkje bli lagt direkte under rådmannen, i staden vil rådgjevar ha eit overordna leiaransvar for sørvisssenteret.

Utvalet sitt kvarter:

Vedlikehald Dråpeslottet barnehage

Bjørge Tvedterås viste til brev/melding frå verneombodet og plasstillitsvald i mai 2017 vedrørende vedlikehald ved Dråpeslottet barnehage, og spurde om status. Charlotte Hageberg orienterte om at det i budsjettframlegget for 2018 er sett av midlar til nye leikeapparat i barnehagen, men at ho ikkje har oversikt over andre forhold/spørsmål som vart teke opp. Administrasjonen fekk derfor i oppgåve

å sjekka status.

Adm.utvalet drøfta i samband med denne saka også ulike forhold knytt til innmelding/rapportering av avvik i kommunen, mellom anna korleis saker som blir meldt inn blir behandla/følgd opp. Det vart også teke opp at talet på innmeldingar av avvik i kommunen er lågt, og det vart drøfta kva som kan vera årsaker til dette.

Jan Erik Boge orienterte om at det skal innførast eit elektronisk system for innmelding og oppfølging/behandling av avvik i kommunen.

Bruk av "case" frå kommunen i leiaropplæring

Olaug Øystese (A) foreslo at det i leiaropplæringa i kommunen blir brukt "case", mellom anna faktiske "case" frå Samnanger. Charlotte Hageberg orienterte om at ho er positiv til dette.

Møtefrekvens adm.utvalet i 2018

Det var semje om at adm.utvalet skal ha eitt møte pr. kvartal i 2018.

Knut Harald Frøland (Bl) peika i samband med dette på at han hadde opplevd drøftingane i møtet 30.11.2017 som positive/fruktbare, og at det er positivt å få dette til i eit utval der det tidvis har vore vanskeleg å finna saker/drøftingstema.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM- 008/2017 Vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent.
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 009/2017: Reglement og rutinar for prøvetid for tilsette i Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til prøvedtidsreglement blir vedteke. Reglementet skal evaluerast av administrasjonsutvalet innan utgangen av 2018.

30.11.2017 Administrasjonsutvalet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

ADM- 009/2017 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til prøvedtidsreglement blir vedteke. Reglementet skal evaluerast av administrasjonsutvalet innan utgangen av 2018.